



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato
22.08.2014
Dykkar dato
27.05.2014

Vår referanse
2013/2526 421.0
Dykkar referanse
14/14561

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Offentlig ettersyn - regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur tenester og handel

Vi viser til brev datert 27.05.2014 med høyring av framlegg til «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

Fylkesmannen finn det positivt at fylkeskommunen no har utarbeidd ny regional plan for senterstruktur og handel. Vi stør hovudmåla i planen og strategiane for korleis det skal arbeidast for å nå måla.

Planen femner om eit breitt spekter av tema som er aktuelle i samband med utvikling av miljøvenlege og attraktive senter i fylket. Mellom anna vert det fokusert på styrka arealplanlegging i sentrumsområda, samspelet mellom regional og kommunal arealplanlegging og trong for koordinering av lokalisering av statlege, regionale og kommunale byggeprosjekt.

Planframlegget opnar for to nye regionsenter; Kleppestø og Husnes. Fylkesmannen er samd med dette framlegget. I praksis vil det mellom anna seie at handelsområdet for til dømes regionsenteret Straume i Fjell kommune vil verte noko mindre.

Planen skal avløysa Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel. I planframlegget inngår det i tillegg til retningsliner, også føresegner når det gjeld handel. Vi har nokre merknadar til framlegg til føresegnar når det gjeld handel:

Fylkesmannen registrerar at ramma for etablering av handel er noko romslegare enn fylkesdelplanen (grense for analyse m.m. er auka frå 1500 m² til 3000 m²) jf. pkt. 4.1. Opphavleg grense var betre i samsvar med den ambisiøse klimaplanen for fylket, men grensa på 3000 m² er lik grensa som er satt i forskrifta. Fylkesmannen tar såleis til etterretning at grensa vert heva til 3000 m² med dette planframlegget, men hadde ynskja at grensa på 1500 m² vart ståande.

Eit anna punkt som er noko endra i høve til fylkesdelplanen, er grensa for utviding av eksisterande handelsverksemd, som ikkje er nemnd i det heile (jf. pkt. 4.1.). For å unngå ei utholing av regelverket gjennom suksessive utvidingar kor kvar einskild utviding er på mindre enn 3000 m², må ein i pkt. 4.1. også setje ei grense for utviding av eksisterande handel. Det vil vere i samsvar med «Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre» § 3 andre avsnitt om at «For områder som ikke omfattes av slik plan, er det ikke tillatt å etablere eller utvide kjøpesentre med et samlet bruksareal på mer enn 3000 m²». Både pkt. 4.1 og 4.2 må

endrast i samsvar med innhaldet i den rikspolitiske forskrifta. Det vil også vere i samsvar med den regionale planens føresegn om nytt bruksareal, ei føresegn som elles kan bli uthola. Då må også pkt. 4.2 endrast ved at ordet «nytt» takast ut i første avsnitt.

I andre avsnitt i pkt. 4.1. i planframlegget opnar ein for unntak for såkalla plasskrevjande varer, men med innblanding av anna varesortiment. Å opna for innslag av anna varesortiment slik pkt 4.1. er utforma, stiller vi oss kritiske til.

I føresegn pkt. 4.2 som omhandlar krav til handelsanalyse, saknar vi ei klargjering av kvifor handelsanalyse må utarbeidast. Vi meiner pkt. 4.2. difor må utvidast slik at dette momentet vert med. Til dømes: «Nytt eller utvida bruksareal må tilpassast stadens storleik, funksjon og handelsomland.»

I pkt. 4.3 om samtykke vil vi peike på at i fylgje § 8-5 i planlova kan samtykke gjevast i samråd med Fylkesmannen. Vi vil også vise til rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet kap. 7.4 side 26 om regional planføresegn kor det klart går fram at: « Det legges til grunn at regional planmyndighet ikke kan gi samtykke dersom Fylkesmannen kan vise til at dette openbart er i strid med nasjonale interesser.» Fylkesmannen meiner difor at ordet høyring må endrast til samråd i siste setning i andre avsnitt under pkt. 4.3.

Planframlegget slik det no føreligg bryt med nasjonal politikk. Vi ber difor om at fylkeskommunen tar merknadene til fylgje, elles vil vi måtte vurdere å sende saka til departementet (jf. pbl. § 8-4).

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.